

# Folkehelseprofil Time kommune 2018-2021


Vedtatt i Time kommunestyre 19.06.2018.



# Innleiing

God folkehelse vert skap gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som bustad, arbeid, fysiske og sosiale miljø. Kommunane skal ha naudsynt oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunne planleggja og gjennomføra effektive tiltak.

Oversikta skal reviderast kvart fjerde år og inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Revisjon av Time sin folkehelseprofil er i Planstrategi 2015-2019 planlagt til 2017 – 2018 for å vera klar til arbeid med ny planstrategi starter.



Oversikta skal byggja på følgjande

- Statistikk fra nasjonale og regionale myndigheter
- Kunnskap og erfaringar frå kommunale helse – og omsorgstenester
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn

Det har vore ei prosjektgruppe med representantar frå alle tre kommunalområda, kommuneoverlege og statistikk- og planansvarleg i økonomiavdelinga, som har vore ansvarleg for arbeidet.

Det har vore invitert til kafedialog med representantar frå tilsette, frivillige lag og organisasjonar og andre samarbeidspartnarar i kommunen. Her ønska vi å få del i erfaringar og kunnskap som vi gjerne ikkje finn i statistikkar eller som kan understøtte det vi har funne i analyse av tall og statistikk. Elevråda ved ungdomsskulane har drøfta og gitt innspel til aktuelle folkehelseutfordringar.


For å drøfte og prioritera blant folkehelseutfordringane inviterte rådmann til samling med representantar frå politiske utval, administrasjon, tilsette, representantar for barn og unge og lag og foreiningar til ein gjennomgang av folkehelseutfordringane.

Kafedialog og drøftingar av folkehelseutfordringar har vore med på å skapa eit felles bilet av kva utfordringar Time har. Saman kan vi gjera noko med dette, når vi dreg i lag, og fokuserer på «Helse i alt me gjer».

## Befolkingssamansetning

Folketalet i Time var ved utgongen av 2017 på 18 699. Det siste året har kommunen hatt ein folkevekst på 0,2 %.


Utvikling av folkemengda i Time har stor samanheng med den økonomiske konjunkturen, og særleg aktiviteten i oljesektoren. Folkeveksten kan deles inn i tre komponentar: fødselsoverskot, netto innvandring (frå og til andre land), og innanlands flytting. De to første seriane er nokså stabile i tid, men netto flytting innanlands kan variere betydeleg frå år til år. Etter toppen i 2012 har folkeveksten gått ned som følge av reduksjon i innanlands tilflytting. Frå første kvartal i 2016 har Time hatt negativ netto flytting innanlands, det vil seia at fleire flytter ut av Time (til andre norske kommunar) enn til Time frå andre plassar i Norge.



Flyttemønsteret viser at det er stor forskjell i nettoflyttinga i dei ulike plansonene i kommunen. Attraktivitet, bustadtilbod og tilgang til arbeidsplassar er nokre av dei faktorane som påverkar flytting. I 2016 flytta folk frå nesten alle plansone, og berre Rosseland hadde netto tilflytting.


Situasjonen gjer at kommunen får reduserte inntekter og etterspurnaden etter tenester som eksempelvis barnehage og skule, går ned.

## Auke i tal på innbyggjarar etter alder




Kommunen legg nå opp til ein årleg vekst på 1,7 % for perioden 2018-2029. Det vil seia eit folketal på 22 716 i 2029. I denne perioden er den prosentvise veksten av den eldste delen av befolkninga størst.

## Prosentvis auke av innbyggjarar etter alder i Time kommune mellom 2017-2029



I perioden 2016-2029 vil talet på innbyggjarar over 67 år auka med heile 56,3 %, medan auken for dei yngste ligg på 15,6 %. Denne store skilnaden i auke mellom aldersgruppene får konsekvensar for alderssamansetninga i Time. I 2017 utgjorde delen av befolkninga over 67 år 11,6 % medan i 2029 vil denne delen utgjera 15 %. Dette må sjåast i samanheng med at delen under 67 år då vert mindre.

## Alderssamansetning i Time kommune



### Kva er positivt i Time?

- Relativt ung befolkningssamansetning

### Kva utfordringar har me i Time?

- Låg vekst
- Størst auke i den eldste delen av befolkninga



Foto: Joakim Bjerk

## Oppvekst- og levekårsforhold

Oppvekst og levekår har mykje å sei for helse og livskvalitet. I dette ligg mellom anna kva økonomi, bu- og arbeidsforhold, og utdanningsnivå som innbyggjarane har.

Det er til dømes godt dokumentert at personar med høg utdanning lever lengre enn personar med lågare utdanning. Vidare at denne ulikheten reproducerer seg med at sannsynet for at personar som veks opp i ein heim der ein eller begge av foreldra har høgare utdanning, har større sannsyn for å ta høgare utdanning sjølv.

I Time er det eit relativt høgt utdanningsnivå på dagens foreldre, med noko ulik geografisk spreiing i kommunen. Trivsel målt blant 10. klassinger viser høgare grad av trivsel på skulen enn snittet for Rogaland, og talet på dei som opplev mobbing ligg under snittet for Rogaland.

Den største utfordringa når det gjeld utdanning i Time er fråfallet i den vidaregåande skule. Dette fråfallet er på nivå med snittet på landsbasis, men høgare enn snittet i Rogaland. Tala visar ei positiv utvikling dei siste åra. Elevar som veks opp med foreldre som har grunnskulen som høgaste fullførte utdanning, har større risiko for ikkje å fullføra vidaregåande utdanning. Personar som ikkje fullførar vidaregåande har gjennomsnittleg lågare inntekt og høgare arbeidsløyse.

«Skule burde fokusere meir på samarbeid enn konkurranse, fordi det er det framtidene trenger»  
( Elevrådsrepresentant)

Time har færre unge i låginntektsfamiliar enn snittet i Rogaland og landet elles. Samtidig har kommune dei siste åra hatt ei tydeleg auke. Gruppa med lågast inntekt har auka mest i prosent og inntektsforskjellen har auka betydeleg dei siste to åra. Kommunen har òg hatt ei auke i talet på barn av einslige forsørgjarar. Dette kjem samtidig med at tendensen i landet er motsett.

Time har ein høg del unge uføre i alderen 18-44 år og ligg over snittet på Jæren, Rogaland og landet. Heile 8,2 % av yrkesaktive befolkning i Time er ufør, det vil sei 973 personar. I tillegg er delen av arbeidsledige i alderen 16-29 år høgare enn kommunane rundt oss og landet elles. Time har også utfordringar knytt til sosialhjelp, samstundes har det vore ei positiv utviklinga frå 2016 til 2017. Talet på sosialhjelpsmottakarar, både generelt og i aldersgruppa 18-24 år er redusert i tidsrommet 2016 til 2017. Time ligg fortsatt høgare enn nabokommunane når det gjeld tal på sosialhjelpsmottakarar og lengde på utbetaling av sosialhjelp.

Samla sett visar dette at Time kommune har relativt mange unge som står utanfor arbeidslivet.

Ungdommen i Time er meir nøgde med lokalmiljøet sitt enn snittet for Rogaland og landet. Kommunen har òg ein høgare grad av ungdommar som er medlem i ein fritidsorganisasjon enn Rogaland og landet. Dei unge er meir fysisk aktive og sjeldnare rusa enn snittet for Rogaland og landet.

«Jeg synes fritidstilbudet i Time er veldig bra og burde ikkje forandres. Time har bedre fritidstilbud enn andre land i Europa» Elevråd Frøyland ungdomsskule

Generelt i Norge har det vorte eit auka fokus på psykisk helse blant unge. Folkehelseinstituttet sine tal visar at det er aukande nasjonale utfordringar knytt til dette temaet. Det gjeld alt frå søvnproblem, angst, depresjonen til spiseforstyrrelser og tyngre psykiske lidingar. Ein viktig variabel for god psykisk helse er det å ha minst ein fortruleg ven. I Time oppgjer fleire enn snittet i Rogaland og landet at dei har nettopp det. Unge i kommunen er generelt sett meir nøgd med helsa si og er mindre plaga av einsemd.

Samstundes har Time ein høgare del unge med psykiske symptom og lidingar i aldersgruppa 15-29 år enn Jæren og Rogaland.

### Kva er positivt i Time?

- generelt låg inntektsulikheit
- godt fritidstilbod for unge
- unge er mindre rusa
- høg grad av trivsel og lite mobbing i skulen

### Kva utfordringar har me i Time?

- aukane grad av unge i låginntektsfamilar
- høgare arbeidsledigheit enn kva som er historisk normalt, særleg blant unge
- høgare prosentdel sosialhjelpmottakarar enn nabokommunar
- Aukande barnefattigdom
- høg del unge uføre
- fråfall i vidaregåande skule
- auke i talet på barn av einslege forsørgjarar
- psykisk helse blant unge



## Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Kommunane har ansvar for det miljøretta helsevernet til innbyggjarane. Det vil seia dei faktorane som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha påverknad på helsa og vert kategorisert som fysiske, biologiske, kjemiske og sosiale miljøfaktorar.

Noreg er blant dei landa i verda med høgaste konsentrasjonar av radon. Tidlegare kartlegging syner at førekomst av radon i berggrunnen i Time er etter måten låg.

Støy kan verke negativt på helse og trivsel mellom anna i form av svevnproblem og stressrelaterte helseplager. I Time kommune er støy i dei aller fleste høve knytt til støy frå trafikken langs FV44 og FV506, Arne Garborgsveg, i tillegg til støy frå jernbanen.

På bakgrunn av kunnskap om luftforureininga i regionen og trafikkgrunnlaget i Time kommune, kan ein trygt seie at luftkvaliteten er god i Time og uteaktivitet kan trygt bli tilrådd. Fare for helseskadeleg påverknad på grunn av luftforureining er særslite sannsynleg.

Gåing er eit lågterskeltilbod for bevegelse, og truleg ein av dei viktigaste folkehelsestrategiane for fysisk aktivitet. Time har mindre gang- og sykkelsti per innbyggjar enn nabokommunane Klepp og Hå.

Trygging av skulevegane er eit viktig tema som både føresette og skuleleiing har fokus på. I Time er det særleg fem skular kor det er registrert auka risiko på skulevegen for elevane og som vert prioritert i tryggingsarbeidet. Desse er Bryne skule, Hognestad skule, Rosseland skule samt Frøyland skule og Frøyland ungdomsskule. Undheim har få gang-og sykkelvegar, som gir farlege skulevegar. Det same gjeld Hognestad. I sentrumsområda Bryne og Kvernaland er det stor trafikk og store skular med mange barn som gir eit utfordrande trafikkbilete.

Tilgang til parker og rekreasjonsareal er viktig og undersøkingar viser at bruken vert redusert med meir enn 50 % dersom desse har ein avstand på 500 meter eller meir frå bustad. I Time har det vore ein positiv utvikling der tilgangen på rekreasjonsareal har auka frå i underkant av 50 % i 2013 til rundt 54 % i 2016. Samstundes ligg Time under snittet i rogalandskommunane når det gjeld dekningsgraden på nærturterrenge og naturområder over fem dekar.

70 % av ungdom seier dei er nøgde med lokalmiljøet i Time. 75 % av ungdomsskuleelevar og 48 % av vidaregåandeelevar svarar at dei har nok lokalar i kommunen for å treffe andre unge (Ungdataundersøkelsen 2016).

Eldre over 75 år er den største gruppa åleinebuande i kommunen. Statistikk viser at det er flest som er einsame blant dei yngste og eldste aldersgruppene. Sivdammen velferdssenter er eit tilbod om organisert aktivitet for eldre. Fleire vel å ete middag på senteret før aktivitetane starter og mange vert igjen for uorganisert samvær i etterkant. Det har hovudsakeleg eldre på Bryne som nytter seg av tilboden. Dette er truleg grunna manglende transporttilbod.

*«Time har mange gode møteplassar, med stor variasjon, og noko for alle aldersgrupper. Kino, bibliotek, Sandtangen, Njåskogen og andre turområde, Mellombels, Møllekjelleren for ungdom»*

Deltakar på kafédialog

Fleire unge slit med psykiske vanskar. Problem med skuleresultat, mobbing på skulen og utfordringar i nære relasjonar, er risikofaktorar. Sosial støtte blant venner og det å vera saman med venner på fritida er vist som viktige tryggingsfaktorar. 90 % av ungdomsskule- og vidaregåandeelevar i Time seier at dei har minst ein fortrolig venn.

Av vidaregåandeelevar svarer 21 % at dei er plaga av einsemd og 15 % hos ungdomsskuleelevar i kommunen, mot høvesvis 23 % og 18 % på landsbasis. I ungdomsskulen svarer 5 % av dei spurte at de opplever mobbing, tilsvarende svar hos vidaregåandeelever er 7 %, noko over landsbasis på 5% (Ungdataundersøkelsen 2016).

Når det gjeld kriminalitet har Time fleire meldte lovbroter per 1 000 innbyggjar enn nabokommunar og landet elles. I dei seinare åra er det kategorien «anna lovbroter» som inneheld anna vinningslovbrot, eigedomsskade og seksuallovbrot som har auka mest.

*«Bryne er byen på Jæren med uteliv og det som høyrer til. Det betyr meir rus i helgene og fleire lovbroter»*

*«I 2016 vart det avdekka mange narkotikalovbrot i Time»*

Arild Oftedal, lensmann i Time

## Kva er positivt i Time?

- Låg førekomst av radon
- God luftkvalitet
- Lite støy
- Auka tilgang på rekreasjonsareal
- Unge og eldre har fritidstilbod
- Ungdom er i stor grad nøgd med lokalmiljøet

## Kva utfordringar har me i Time?

- Nokre utrygge skulevegar
- Offentleg kommunikasjon/kollektiv
- Låg dekningsgrad på nærturområde
- Psykiske vanskar blant unge
- Eldre over 75 år er den største gruppa åleinebuande i kommunen
- Høgare kriminalitet enn nabokommunar



## **Skader og ulykker**

Ulykker som førar til personskade er ein stor utfordring for folkehelsa. Personskadar som følge av ulykker er nesten i same storleik som kreft, målt i tapte levekår. Ulykker med personskader tar relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaken for personar under 45 år.

Talet på ulykker i trafikken og personar involverte er halvert dei siste ti åra i Time. Samtidig har talet auka dei to siste åra. Det har ikkje vore drepne i trafikken i Time sidan 2013.

Kommunen har registrert farlege skulevegar. Dei er stort sett samla rundt skulane i distriktet: Hognestad, Undheim og Lye. Utfordringa på Bryne og Rosseland er store skular og mykje trafikk i område. Trafikkfarlege skulevegar er eit viktig område i forhold til mobilitet, og gjeld både barn, vaksne og eldre. Kommunen er godkjent som Trafikksikker kommune i 2016. Det betyr at kommunen arbeider målretta og tverretatleg med trafikktryggleik, og arbeidar både med fysiske og haldningsskapande tiltak.

Det er lite brannar i Time. I perioden 1997-2016 var det ein som omkom på grunn av husbrann i Time kommune. Det er aldersgruppa (67+) som vil veksa mest i kommunen dei neste 10-12 åra og mange av dei bur i eigen bustad lenger før dei får sjukeheimslass. Det har vore fleire tilløp til brann hos eldre siste 10 åra som har vorte avverga. Time samarbeider med Rogaland brann og redning om å førebyggja brann og redusera konsekvensane av brann hos risikoutsette grupper.

Forsking viser at om lag 1/3 av alle over 65 år har minst ein falleepisode per år, og av dei som faller er halvparten utsett for gjentatte fall. Kvinner faller oftare enn menn. I omrent 5 % av tilfella ender fallet i brot, vanlegvis i handledd, rygg eller hofte.

### **Kva er bra i Time?**

- få dødsfall i brann og trafikkulykker

### **Kva kan bli betre i Time?**

- meir trafikksikre skulevegar
- færre falle episodar blant eldre

## Helserelatert åferd

Helerelatert åferd er åferd som har vist seg å ha verknad på eit helseutfall. Dette kan eksempelvis vera fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmiddel.

Regelmessig fysisk aktivitet i barne- og ungdomsåra er viktig for normal vekst og utvikling. Det verkar også positivt på den psykiske helsa, konsentrasjon og læring. Berre 8,1 % av ungdomsskuleelevar i Time er fysisk inaktive, mot 14,1 % på landsbasis. Delen av ungdomsskule- og vidaregåande elevar som synest at tilboden av idrettsanlegg der dei bur er bra, er høgare i Time enn resten av landet.

*«Alt er tilrettelagt for å drive fysisk aktivitet i Time. Ikkje gode nok til å «spille» på lag med de frivillige og koordinere tilboda»*

Deltakar på kafédialog

Ei registrering i 2015 viste følgjande omfang av elevar som går eller syklar til skulen: Bryne skule: 92 %; Rosseland skule: 90 %; Lye skule: 86 %; Frøyland skule: 82 %; Undheim skule: 68 %. Tala viser at dei fleste går eller syklar til skulen. Det er naturleg at Frøyland skule og Undheim skule har lågare tal fordi desse tettstadene har fleire barn med lengre skuleveg enn Bryne og Lye har.

Det er lite statistikk på fysisk aktivitet i befolkninga elles i Time. Dersom innbyggjarane er like fysisk aktiv som ein gjennomsnittleg rogalending, er det omtrent halvparten av befolkninga som ikkje får den anbefalte mengda fysisk aktivitet.

Det finst ikkje statistikk på kosthaldet i Time kommune. I SSB si undersøking frå 2015 går det fram at 43 % av rogalendingane et frukt og grønsaker (utanom poteter og fruktjus) dagleg. Frå tidlegare studiar er det vist at personar med høg utdanning og inntekt generelt sett har eit sunnare kosthald enn personar med låg utdanning og inntekt. Det er all grunn til å tru at det same gjeld for Time kommune.

Alkohol er medverkande årsak til ein betydeleg del av norske sjukehusinnleggingar. Med dei sosiale konsekvensane overdriven alkoholbruk fører til, særleg for barn i familiar med rus, er alkohol eit stort folkehelseproblem. Time gjer det bra på indikatorar for rusmiddelbruk blant ungdom samanlikna med fylket og landet. Alkoholforbruket blant ungdom har generelt sett gått ned dei siste åra. Det finst lite statistikk på forbruket i den vaksne delen av befolkninga. Det er grunn til å tru at alkoholbruk er ei betydeleg folkehelseutfordring også i Time. Forsking har vist at dess høgare totalforbruket i befolkninga er, dess større del av befolkninga har eit skadeleg forbruk. Det viktigaste verkemiddel kommunen har for å begrensa alkoholforbruket er ein restriktiv alkoholpolitikk.

Det er færre ungdomsskuleelevar som har vore i slåstkamp enn i fylket og i landet, men for elevar i vidaregåande skule ligg Time litt därlegare an enn fylket og landet. Det er sannsynleg at noko av dette er alkoholrelatert.

Time har valt å ha kortare serveringstider for alkohol enn det som lovverket set som maksimal grense. Forsking tyder på at kortare serveringstid reduserer valdsskadar.

Røyking er ei av dei viktigaste årsakene til redusert helse og levealder. Omrent halvparten av dei som røyker dagleg i mange år, dør av sjukdommar som kjem av tobakksbruk. I tillegg vert mange ramma av sjukdommar som fører til vesentlege helseplager og redusert livskvalitet. Tobakksbruken i Time er omrent på same nivå som fylket og landet. Andelen som røyker, er på veg nedover. Samstundes ligg Time over fylket og landet når det gjeld røyking blant gravide kvinner. Snusbruken er òg på veg nedover blant ungdomsskuleelevar.

Det er høg dekningsgrad på barnevaksinasjonsprogrammet i Time. Dekningsgraden på influensavaksinasjon er tydeleg høgare enn i fylket og landet, med 36,6 % i Time mot 27 % i Rogaland og 26,9 % i Norge. Dette talet bør vera endå høgare for å hindra komplisert influensasjukdom i risikogrupper.

Antibiotika har gjennom historia revolusjonert behandlinga av infeksjonssjukdommar. Feil bruk av antibiotika kan føra til utvikling av antibiotikaresistente bakteriar.

Antibiotikaforbruket i Time er litt lågare enn i fylket og landet.

Helsestasjon for ungdom har ikkje merka spesielle nye trendar omkring seksualåtferd. Som før er det mange som ikkje bruker kondom, men det er stadig fleire som oppsøker helsestasjonen for å testa seg for kjønnssjukdommar.

Time ligg betre an enn fylket og landet når det gjeld kor stor del som er med i ein fritidsorganisasjon. Likevel er 31,5 % av ungdomsskuleelevar ikkje medlem i nokon slik organisasjon. Me veit at det å ha venner og vera i lag med venner er ein beskyttande faktor for psykiske plager. Det å vera med i ein fritidsorganisasjon er ein svært god inngangsport til eit slikt beskyttande sosialt nettverk. Særleg for grupper som ofte har eit lite solid nettverk, f.eks. flyktningar og asylsøkarar, vil det verka beskyttande å delta i ein fritidsorganisasjon.

Innspel frå elevråda viser at det er behov for eit mangfald av aktivitetar, også uorganiserte.

### Kva er bra i Time?

- låg grad av fysisk inaktive unge
- høg dekningsgrad på barnevaksinasjonsprogrammet og influensavaksinasjonen
- antibiotikaforbruket er lågare
- lågare rusmiddelforbruk blant unge

### Kva kan bli betre i Time?

- auka fysisk aktivitet
- redusera bruk av antibiotika
- redusera bruk av rusmiddel
- redusera røyking blant gravide kvinner

## **Helsetilstand**

Med helsetilstand meiner ein innbyggjarane si helse målt ved eksempelvis risikofaktorar, førebyggbare sjukdomar, trivsel og mestringsressursar, eller meir indirekte mål som sjukefråvær.

Forventa levealder i Time ligg over snittet for Rogaland og landet, både for kvinner og menn. Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. For eksempel har denne gruppa høgare forventa levealder enn personar med kortare utdanning og lågare inntekt. Det er bekymringsfullt at denne forskjellen har auka betydeleg dei siste ti åra. Dei siste to åra viser ein minkande trend, men det er tidleg å seia om dette er tilfeldig variasjon eller ikkje.

Eigenvurdert helse er ein viktig indikator for helsetilstand og bruk av helsetenester. Dei fleste har ei positiv innstilling til eiga helse, og litt fleire unge enn eldre vurderer helsa si som god. Time ligg over snittet i Rogaland og landet.

Talet på unge med psykiske symptom og lidingar viser ein stigande tendens. Dette gjeld alle diagnosegruppene innanfor psykiske symptom og lidingar, og det gjeld for begge kjønn. Samtidig synar tal frå Ungdata på at færre ungdomsskuleelevar i Time er mykje plaga av depressive symptom samanlikna med Rogaland og landet. Parallelt med aukinga av pasienttalet har ein hatt ein auke i behandlingstilbodet, og det kan òg tenkast at terskelen for å oppsøka hjelp har blitt lågare. Psykiske plager er eit fenomen som kanskje i stor grad har vorte sjukeleggjort (medikalisering). Ei anna tilnærming kan vera å alminneleggjera slike plager i mykje større grad.

Det har dei siste åra vore ein årleg auke på 20 % i pasientgruppa unge kvinner ved Jæren DPS. Dei har ofte problem med angst, depresjon og sjølvskading.

*«70 % av henvendelser og konsultasjonar gjeld psykisk helse». Elevane presenterer dette som : stress, søvnproblem, därleg sjølvbilete, angst, tristhet og spiseproblem»*

*«Ca 70 -80 % av Time kommune sine ungdommar vel å begynna på Bryne vgs.»*

Helsesøster ved Bryne vidaregåande skule

Ein viktig risikofaktor for type 2-diabetes, hjarte-/karsjukdom og muskel-/skjeleettplager er overvekt og fedme, som har lege stabilt dei siste 8–10 åra, som kommunen har samanliknbare tal for. Tala gjeld for 17-åringar og gravide kvinner. Når det gjeld barn, så er førekomsten av fedme og overvekt blant tredjeklassingar i Time omtrent som det same som ein fann i Barnevektstudien, som inneheld tal frå tredjeklassingar frå 125 utvalde skular i landet. Det er stor helsegevinst å henta dersom ein kunne få ned førekomsten av overvekt og fedme.

*«Arbeidsledige er ei utsett gruppe. Mange som har vore ledige lenge, har utvikla ein usunn livsstil, med inaktivitet, depresjon, søvnproblem»*

Frisklivssentralen

## Kva er bra i Time?

- høg forventa levealder
- god eigenvurdert helsetilstand

## Kva kan bli betre i Time?

- utjamna sosiale helseskilnadar
- redusera førekomensten av psykiske plagar og lidingar
- redusera overvekt og fedme



Foto: Joakim Bjerk

## Prioriterte område

Ut frå tilgjengeleg kunnskap om folkehelseutfordringar har kommunen drøfta og prioritert dei viktigaste utfordringane. Til drøftings- og prioriteringsmøte, som var på Time bibliotek 15. mars 2018, var det invitert politikarar og tilsette i kommunen, representantar frå frivillige lag og organisasjonar og elevråd.

Under syner dei områda som deltagarane på møte 15.03.18 vart einige om å prioritera i plan- og tiltaksarbeid framover.

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekomst av psykiske plager og lidingar, spesielt blant unge Fråfall i vidaregåande skule Høg del unge uføre	<b>Psykisk helse</b>
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar Aukande sosiale helseforskellar Høgare del sosialhjelppsmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	<b>Inntektsskilnader</b>
Utrygge skulevegar	<b>Skulevegar</b>
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	<b>Eldreressursen</b>
Låg dekningsgrad av nærturterreng og naturområde Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt Aukande førekomst av overvekt og fedme	<b>Aktivitetsmangfald</b>